

# «GUTTA PÅ TUR»'S VALS

Mel.: - Ka e' det mot Bergen -

Kvar ein torsdag opp med «Hallen» klokka ni,

Det er «Gutta» som skal ut og gå på tur.

:/: Fotball, ski og skøyter, tennis og alpint,  
kva er det mot «Gutta's» tur i skog og mark :/:

Turen går i dag til «Gammo» i mot aust,  
Sekken den er pakka, snop litt klede og mat.

:/: Praten den går livleg – livet det er topp  
Føler oss så friske når me kjem der opp :/:

Når me går mot toppen kjennest det nok tungt,

Når me vel er oppe føler me oss ung.

:/: For der nede ser me: - holmar, skjær og hav,  
Ja, det er så vakkert, naturen han oss gav :/:

Når me pratar pensjon, politikk og slikt,

Blir litt ivrig, er 'kje saklig – det er visst.

:/: Clinton, Blair, Kjell Magne – kva er det mot oss,  
Ingen veit vel betre enn «GUTTA» ut på tur :/:

Er blitt betre kjente på vår vakre øy,

I frå skog og fjell til havet langt mot vest.

:/: Bølgjene dei rullar – slår innover land,  
Havet er eit skue, skummar kvitt mot strand :/:

Tenk at tie år kan gå så veldig fort,

Pusten, husken er 'kje slik den ein gong var.

:/: Men «skravla» går på høygear, den er nett som før,  
«skravla» går på høygear, det er nett som før :/:

Om ei veke – torsdag – er me etter klar,

Pakkar sekken – ja, då er me jammen snar.

:/: Går ei nye løype, sole – mykje skit,  
Me i «GUTTA» bryr oss ei om noko slikt :/: